

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1957

Namnet på vatnet

Landsvatnet

Kommune .....

Fuldal

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## S A N D S A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 16. september 1977.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest nord-aust for Ulladalen, og aust for Reinsnuten.

Arealet er omlag 750 ha, og h.o.h. 600 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande. Her er store grunnlendte partier men sikkert eit vesentleg djup på sine stader utpå.

Stranda består for det meste av stein og fjell der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras og brasmegras vil ein finna på sine stader.

Nedslagsfeltet, som er stort, femner for ein stor del om snaumark, myr og snaufjell. Undergrunnen består av gneis og granitt med innslag av fylitt.

Hovudtilsiget fell inn i nord-aust der ei rekkje større og mindre vatn inngår. Forutan dette fell det inn bekketilsig ymse stader rundt heile vatnet.

Avlaupet renn ut i sør og går til Ulladalselva.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er ca 15.0 m og fargen på vatnet grønnlig-blå som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.8 som er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.35 mg/l og den totale hardheita 0.45 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 15.44

### Faunaen i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 5 fiskar. Her vart det funne myggpupper, fjærmygglarver, linsekreps, knottlarver, vårflugelarver, edderkopp, vannkalvlarver, vannkalv,

sommerfugllarver, og diverse luftinnsekte. Ein ganske alsidig meny.

#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov.



Resultatet av desse prøvene må karakteriserast som mykje fattig.

#### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 28 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut:



Ein tok prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 21 røde, 5 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Vidare var det 18 hanfiskar og 10 hofiskar.

11 av fiskane (39%) var gytetisk - resten gjellfisk.

Medelvekta på prøvefiskane var 162 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.6	9.2	13.7	18.4	22.0	24.3	26.5
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	4.6	4.5	4.7	3.6	2.3	2.2
Antall fiskar	28	28	28	28	24	13	4

Medel kondisjonsfaktor = 1.01 tilseier fisk av normal, god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for auren i Sandsavatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt på neste side.

Som vi her vil sjå, syner auren ein heller dårleg lengdetilvekst og ligg under normalkurven like frå fyrste år av. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvsagt finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære<sup>seg</sup> med yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og med eit fiskebestand i overkant av vatnet si bæreemne.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse godt brukande for auren, men vatnet har ei særsvak "bufferemne" og er såleis lite stabil når det gjeld surheit.

Mageprøvene syner ymse artar verdfulle næringsdyr, og omfordelinga saman med cm-klasseinndelinga, syner at småfisken dominerar.



Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg. Det som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, er nedslagsfeltet. Det er herfrå vatna får sine tilsig, og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - anten til godt eller vondt. Består nedslagsfeltet av eit rikt jordsmon og ein frodig vegetasjon med lett forvitrelege bergarter i undergrunnen, så vil ofte ymse mineralstoff bli tilført. Dette vil igjen gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn. Nedslagsfeltet for Sandsavatnet er stort sett noko skrint, og det er heller lite med næringsstoff som gjennom tilsiga kjem vatnet tilgode.

Då vatnet høyrer heime mellom dei største fiskevatna vi har her i fylket, vil det likevel kunna "brødfø" eit ikkje uvesentleg fiskebestand.

Gytetilheva er gode i fleire av tilsiga og store årgangar med yngel og småfisk kjem årleg ut i vatnet. Blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp og gir grunnlag for eit småvakse fiskebestand.

#### Praktiske tiltak.

Då Sandsavatnet inngår i Ulla-Førre utbygginga, og etter planane vil bli mykje regulert, er det all grunn til å tru at reguleringa vil føre til stor skade. Så vidt vi kjenner til er det oppnemnt fiskesakkunnige i dette høve og som då vil ivareta fiskeinteressene på beste måte.

Stavanger 9/3 1978

Einar Berg